

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	29.04.2024
Vår referanse	2024/18635-6
Dykkar referanse	202403409-2
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til søknad om senking av HRV i dam Vassetvatn i Lærdal kommune

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Det er viktig at NVE gjer ei god vurdering på at ikkje endra HRV aukar flaumrisikoen i vassdraget.

Vi har ingen avgjerande kulturminnefaglege merknader i saka. Vi ber om at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Det er viktig at søkjar set seg inn i den ferske stortingsmeldinga om villrein og forslaget til tiltaksplan for Nordfjella.

Bakgrunn

NVE har sendt søknad om senking av HRV i dam Vassetvatn i Lærdal kommune på høyring. Østfold Energi har sendt søknaden til NVE for vurdering. Konsesjonen til å regulere Lærdalsvassdraget vart gjeve i kgl.res. i 1966.

Motivasjonen for søknaden er at Dam Vassetvatn må rehabiliterast eller byggast på ny for å oppfylle krava i damsikkerhetsforskriften. Østfold Energi har vurdert at å senke HRV i Vassetvatn til kote 1119,0 vil gjera damoppgraderinga til eit mindre omfattande og kostbart tiltak.

HRV er i dag på kote 1125,0. Samstundes har vasstanden i dam Vassetvatn aldri vore høgare enn kote 1121,37 og historisk har Østfold Energi i liten grad utnytta reguleringsevna utover kote 1118,0.

Klimatilpassing og flaum

Senking av terskelen til kote 1119 gjer at Vassetvatn vil vere noko mindre rusta som buffer ved flaumepisodar. Det er viktig at NVE gjer ei god vurdering på at ikkje endra HRV aukar flaumrisikoen i vassdraget.

Regional plan for klima 2022-2035 kunngjer at vi sikrar berekraftig klimatilpassing, som legg føre-var-prinsippet til grunn for å unngå negative konsekvensar av klimaomstilling.

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innafor tiltaksområde.

Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka. Vi ber om at ein søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Uttale frå Bergens Sjøfartsmuseum

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Dei uttaler følgjande:

«Museet kjenn ikkje til kulturminne ved Vassetvatn i Lærdal kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i vatnet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på botnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Vassmiljø og fisk

Vasstanden i Vassetvatn har aldri vore høgare enn kote 1121,37, og historisk har reguleringsevna i liten grad vorte utnytta utover kote 1118. Vi legg difor til grunn at ein reduksjon av HRV til kote 1119 ikkje vil innebere vesentlege endringar for vassmiljøet, og vi har ingen vesentlege vassmiljøfaglege merknadar.

Villrein

Villrein Retningslinje 26 i fornybarplanen seier at ein skal unngå tiltak som reduserer verdier på leveområdet for villrein.

På grunn av skrantesjuke er heile bestanden i sone 1 sanert, og området ligger brakk. Arbeidet med reetablering er i gang men det er førebels ikkje bestemt når sjølve reetableringa skal starte. Det vert svært viktig at ikkje det gjerast tiltak som kan kome i konflikt med reetablering.

I kunnskapsgrunnlaget for delnorm 3, kvalitetsnorm for villrein, for Nordfjella villreinområde kan me sjå at Vassetvatn m.a. ligg i kalvingsområde for villrein. Det er viktig at søker set seg inn i den ferske stortingsmeldinga om villrein og forslaget til tiltaksplan for Nordfjella.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonsleiar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

LÆRDAL KOMMUNE

Øyraplassen 7

6887

LÆRDAL